

# MØTEREFERAT 30. AUGUST 2022

|                  |                               |
|------------------|-------------------------------|
| <b>Råd:</b>      | <b>Nysæter sokneråd</b>       |
| <b>Tid:</b>      | <b>Tysdag 30. august 2022</b> |
|                  | <b>Kl. 17.00-19.00</b>        |
| <b>Møtestad:</b> | <b>Nysæter kyrkje</b>         |
| <b>Kaffi:</b>    | <b>Karen Marie</b>            |
| <b>Opning:</b>   | <b>Heine</b>                  |

*" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "*

**Innkalla:** Marta Kristin Valvatne, Oddbjørg Løkling, Heine Kaldefoss, Katrine Valvatne Kvernenes, Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Randi Bod Haugsdal, Jørgen Knudsen, Brynhild Meyer Stautland

**Forfall:** Jens Arne Stautland, Marit Stalheim Grimstad, Kristine Wiersen, Ståle Betten,

## **SAKLISTE**

### **2022/34 - 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.**

**Forslag til vedtak:** Det er to saker som er kome etter at innkallinga vart sendt ut. Ekstra lys i Nysæter kyrkje. Uttale i samanheng med tilsetjing. Sakliste godkjent med dese to sakene.

### **2022/35 - 012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 31.05.2022**

**Forslag til vedtak:** Godkjent.

### **2022/35 - 360 Kyrkjelydsfest 27.10.22 kl 18.00**

#### **Saksutgreiing**

Korleis laga til ein enkel, avslappa, kjekk og open fest? Skal me invitera nokon som kan bidra med noko? Me treng folk til desse komiteane. Program, mat, laga til bord og pynting.

**Vedtak:** Programkomite: Heine og Ingvild B Almås, dei kjem i gang raskt og sender referat om programmet til soknerådet. Pyntekomite: Brynhild Meyer Stautland.

Matkomite: Marta Kristin og Ingebjørg. Det blir servering av kaker og boller. Me treng kyrkjetenar.

### **2022/36 - 310 Jubileumsgudsteneste 18.12.22**

#### **Saksutgreiing:**

Soknerådet snakkar litt om korleis ein kan få til ei fin og kjekk gudsteneste. Kven kan me invitera inn i ei slik gudsteneste?

**Vedtak:** Sagvåg musikklag har ei gruppe til å vera med på gudstenesta. Marta Kristin har ein draum – familiekontor. Korleis få inn mange ulike aldrar som medliturar.

### **2022/37 - 331 Trusopplæring**

#### **Saksutgreiing:**

Trusopplærarar Ingvild B Almås og Anne B Nilsen informerte om trusopplæringa.

Supertysdag er for barn 1-9 år annakvar tysdag. Kvar tysdag er det mat og prat. 4-års bok gudsteneste vert det 30.10. Tenkjer å laga til ei enkel kyrkjevandring for 4-åringane under kyrjekaffien. Satsar på å få til Lys vaken i år og. Her og der går vidare. Dette er felles med Stord sokn. Vert ein måndag i månaden.

**2022/38 - 411      Ekstra lys i Nysæter**

**Saksutgreiing:**

Det er kome tilbod til Nysæter kyrkje frå Vest lydsservice v/ Asle Dahl.

**Vedtak:** Tormod får fullmakt til å gå vidare med bestilling. Han bestiller og oppbevaringskassar.

**2022/39 – 210      Tilsetjing av stillingar**

**Vedtak Diakon:** Soknerådet er positive til at Kjetil Eldøy vert tilsett som diakonmedarbeidar, og trusopplærar

**Vedtak organist:** Soknerådet er positive til at Noah Wibe vert tilsett til som organist.

- **Generell informasjon**

1. Døgnet 9. og 10. september
  - Alle skal ha fått informasjon og invitasjon tilsendt. Dette må prioriterast.
2. 3. november kjem biskopen på prostidag
3. Jørgen informerer om personalsituasjonen på Stord kyrkjekontor Elisabeth Fauskanger har permisjon til 01.07. Olav Oma har slutta og starta på Fitjar. Me får ikkje til ei god vikarordning for sokneprest i Stord. Reidar Ådnanes er ikkje så mykje inne som prostiprest denne hausten. Svein Arne Theodorsen er inne som sokneprest i Stord sokneråd. Prosten jobbar hardt for å få prestar på plass til gudstenester og gravferder.
4. Informasjon om arbeidet i kyrkja. Brynhild lagar informasjonslappar om «kva skjer i Nysæter kyrkje»

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat frå Stord sokneråd 19.05.22
2. Referat i Fellesrådet 15.06.22
3. Diakoniutval 02.06.22

Marta Kristin Valvatne  
soknerådsleiar  
sign.

Brynhild Meyer Stautland  
sakshandsamar  
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd

Tid: 20.oktober 2022 kl 17.00-19.00

Møtestad: Nysæter kyrkje

Opning: Oddbjørg

Kaffi: Brynhild